



Vinje kommune
Økonomi, plan og utvikling

Fornyings- og administrasjonsdep.
Postboks 8004 Dep

0030 Oslo

FORNYINGS- OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET
29 MAI 2008
ARKIVKODE: 411
SAKSNR 200800301-65

Sakshands.
JMY

Saksnr.
2008/1383

Løpenr.
7369/2008

Arkiv

Dato
23.05.2008

Høringsuttale til NOU 2007:12 - Offentleg innkreving

Oversender med dette Vinje kommune si uttale til denne utgreiinga.

Med helsing

Jan Myrekrok
Plan- og økonomisjef



--

Arkiv saknr:	2008/1383
Løpenr.:	6166/2008
Arkivkode:	

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Formannskapet	22.05.2008	08/45

Sakshandsamar: Jan Myrekrok

Høringsuttale til NOU 2007:12 - Offentleg innkreving

Dokument i saka:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/fad/dok/NOUer/2007/NOU-2007-12.html?id=487555&epslanguage=NO>

Bakgrunn:

Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) oppnemnte 21. september 2005 eit utval som skulle utgreie landets samla innkrevingssystem og fremje framlegg til forbetringar. Utvalets fleirtal tilrår at det skal opprettast ein statleg innfordringsetat for det offentlege sine krav mot privatpersonar og næringsdrivande. Det er fleire omsyn, mellom anna ny omkamp om kommunal skatteinnfordring og eit nytt sentraliseringsgrep, som gjer at rådmannen ønskjer at Vinje kommune uttalar seg til denne offentlege utgreiinga. I gjennomgangen under er det vist til punkt i NOU-dokumentet. Høringsfristen er 2. juni.

Vurdering:

Fleirtalet hevdar at forslaget, som inneber å overføre oppgåver med skatteinnkrevinga frå kommunane til staten, er "den beste måten" å organisere innfordringa på, men:

- Fleirtalet har ikkje vurdert distriktspolitiske omsyn eller konsekvensar for kommunane, sjå punkt 2.3.7, 9, 10 og 11 under
- Fleirtallet har sett vekk frå Stortingets standpunkt om at skatteoppkrevjaren skal vere kommunal, sjå punkt 1.2 og 4 under
- Forslaget inneber at kommunane blir fratatt oppgåver som er lagt til dei ved lov, og som kan vise til resultat som er blant dei beste i verda
- Forslaget fører til at kommunane mistar innkreivingskompetanse og blir svekka i handteringa av sine egne krav
- I Danmark medførte statleggjinga av skatteinnkrevjinga auka skattegjeld og provenytap. Det er ingen grunn til å tru at det same ikkje vil skje her. Forslaget vil difor medføre provenytap og svekka økonomi for ikkje berre kommunane, men også staten og folketrygda.

Fleirtalet har ikkje vurdert problemstillingar om personvern og stigmatisering av enkeltpersonar, men:

- Den føreslegne statlege innfordringsetaten får eit sentralt gjeldsregister med oversyn over samtlige skuldnarar med ubetalte krav til det offentlege. Fleirtalet har ikkje sikra ei grundig utgreiing av dei problemstillingane knytt til personvern, sjå pkt 1.1 og pkt 6.1. under. Fleirtalet har heller ikkje vurdert om eit slikt register krev særskilt lovheimel, sjå pkt 8.
 - Ein syner her òg til prof. dr. juris Tore Bråthen med fl.: Utgreiing om gjeldsregister i Noreg avgjeve 1. april 2008, der det påpeikast at eit gjeldsregister vil skape interessekonflikter i høve til personvernomsyn. Tilsvarande problem gjeld den føreslegne statlege etatens gjeldsregister
- Det danske Datatilsynet er uroa over kva opplysningar som tilførast kreditor i den nye danske etaten for innkreving av offentlege krav. Tilsvarande uro vil oppstå for gjeldsregisteret i den føreslegne statlege etaten, se punkt 8 under.
- Det kun gjeve 1 983 gjeldsordningar i 2006 og det er difor grunn til å tru at det er få menneske som vil ha krav mot fleire offentlege kreditorar, se punkt 8 under. Det er difor eit uforholdsmessig tiltak å samle opplysningar i eit gigantisk register om det offentleges krav mot landets innbyggjarar
- 39 % av befolkningen meiner at opplysningar om betalingsevne er følsomme, se punkt 8 under.

Departementet uttaler i mandatet for utgreiinga at "Det synes å være et betydelig potensiale for å forbedre den offentlige innkrevingen. (...).(NOU 2007:12, s 10), men:

- Det er ikkje framskaffa talmateriale som syner omfanget av tal multiskuldnarar.
 - I perioden 2004 – 2006 blei det i snitt innvilga ca. 2 000 gjeldsordningar kvart år, sjå punkt 6.2 under.
 - I utgreiinga "gjeldsregister i Norge" avgjeve til Barne- og likestillingsdepartementet 1. april 2008 blei det konkludert med at eit gjeldsregister berre vil berøre eit lite tal personar og at det difor var eit lite treffsikkert sosialpolitisk tiltak.
- Det er ikkje framskaffa talmateriale som syner omfanget av tal krav som kan innfordrast på same måte. Det er ikkje gjeve at alle krav kan samordnast.
 - Utvalet har ikkje berekna løysingsgraden for dei etatar som omfattast av utgreiinga
 - Ved at løysingsgraden for dei aktuelle etatane ikkje er kjent, vil det ikkje vere mogleg å berekne provenygevinsten.
 - Skatteetaten, skatteoppkrevjarane og Toll- og avgiftsetaten, som til saman har ca. 95 % av kravene, har ein løysingsgrad på 99,2 %. Eit resultat som er blant dei beste i verda.
 - Etter sentraliseringa i Danmark auka dei samla skatterestansane med kr 1,7 mrd. Og skattetapet var på ca. 400 mill. kroner

Mandatet hevdar at det ligg føre eit "betydeleg potensial" for å betre brukarorientering og rettstryggleik (NOU s 10), men:

- Utvalet har ikkje påvist at innbyggjarane er misnøgde med den offentlege innkrevinga
- Den høge løysingsgraden for kommunekasserarane, Skatteetaten og Toll- og avgiftsdirektoratet – som er nemnt over – vitnr om at dei tre etatane kommuniserer godt med brukarane, se punkt 7 under.
- Nærleik til innkrevar er svært sentralt, og av stor tyding særleg for vanskelegstilte skuldnarar. Det blir lite nærleik med berre 5 regioner og eit avgrensa tal etatskontor, sjå punkt 7
- Erfaringar frå Danmark syner at innfordring av krav som rettar seg mot hhv personar og verksemdar inneber ganske forskjellig virkemiddelbruk.

- Undersøkinga utført av Norsk Gallup i 2002 viste at skatteoppkrevarane fikk meget høg "score" samealikna med statlege skattekontor.

Utvalet sitt fleirtal har også lagt til grunn at det er eit potensiale for samordningsgevinstar ved ei oppretting av ein statleg innfordringsetat. Vinje kommune er ikkje samd i dette:

- Utvalets fleirtal har ikkje tatt omsyn til den betydelege samordninga som allereie finns i skatte- og avgiftsområdet, se pkt 5
- Utvalet har ikkje på forsvarleg vis vurdert talet multiskuldnarar.

Etter Vinje kommune si meining er det svært lite truleg at ei samla innfordring av offentlege krav vil gagne mange skuldnarar, sjå pkt 6.1. Dette er også fremhevet i prof. dr. juris Tore Bråthen: Utredning om gjeldsregister i Norge, april 2007 der det påpekes at et gjeldsregister bare vil påvirket en svært liten del av befolkningen.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Ei statleggjering av innkrevinga vil bety følgjande:

- Sterk sentralisering
- Provenytap både for stat og kommunar
- Svekking av innkrevingsmiljø i kommunane
- Brot i verdikjeda fører til dårlegare brukarorientering
- Kommunale oppgåver overførast til staten
- Kommunalt sjølvstyre reduserast
- Betydelege overgangskostnader

Vinje kommune kan på denne bakgrunn ikkje tilrå at fleirtalet sine konklusjonar blir fulgt opp av Stortinget.

Rådmannen, 05.05.08.

Hans Kristian Lehmann, rådmann /s/

Handsaming i Formannskapet 22.05.2008:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Ei statleggjering av innkrevjinga vil bety følgjande:

- Sterk sentralisering
- Provenytap både for stat og kommunar
- Svekking av innkrevjingsmiljø i kommunane
- Brot i verdikjeda fører til dårlegare brukarorientering
- Kommunale oppgåver overførast til staten
- Kommunalt sjølvstyre reduserast
- Betydelege overgangskostnader
-

Vinje kommune kan på denne bakgrunn ikkje tilrå at fleirtalet sine konklusjonar blir fulgt opp av Stortinget.